

SLINDE SMÅBÅTHAMN OG FRITIDSOMRÅDE – LOMELDE GNR. 82 BNR. 15 I SOGNDAL KOMMUNE

PROSPEKT

Nøkkelinformasjon

Grunneigar:	Bonde Sigmund Lomelde, 6859 Slinde
Matrikkel:	Gnr. 82 bnr. 15 i Sogndal kommune Postadresse: Lomelde, 6859 Slinde
Ligningsverdi:	Ikkje fastsett
Overtaking:	Ved tinglysing av skjøtet
Visning:	Etter avtale med grunneigar/tillyst visning

Området

Området ligg på nordsida av Sogndalsfjorden ca. 13 kilometer vest for kommune- og regionsenteret Sogndal og ca. 7 kilometer aust for administrasjonssenteret Leikanger. Området ligg fint til ved munningen av fjorden, sørvendt med open og fin utsikt mot sjø over til Fimreite og sørvestover Sognefjorden mot Feios.

Heile det regulerte området er eit naturområde som ligg mellom riksvegen og sjøen. Det er omlag 250 m jamn og fin strandlinje med nokre svaberg og ei mindre sand/grus-strand.

Serviceilbod

På Slindesenteret som ligg ca. 400 m vest for den planlagde båthamna, er det kai, besinstasjon og båtbutikk. Her held også Slinde Transport AS til.

Reguleringsforhold

Kommunestyret i Sogndal vedtok reguleringsplanen for Slinde småbåthamna og fritidsområdet – Lomelde, i møte 15.06.2006, sak 0026/06.

I tomteområdet som er på ca. 10 daa, inngår 20 naust i rekkje og eit kombinert lager og klubbhus med totalt BYA på 1200 m². Storleiken på kvart naust vert ca. 50 m². I tillegg er det medteke båtslipp, opplagsplass for båtpuss med drenering og sedimenteringskum, parkeringsplassar, opphaldsplass og badeplass. Ut frå reguleringsføremålet vil friluftsområdet vera ålment tilgjengeleg.

Hamna er godkjend for 73 båtar ved flytebrygge skjerma bak molo og bølgebrytar.

Vatn og kloakk

Vatnforsyninga skal skje frå privat vassverk basert på borehol. Kloakkanlegget med slamavskillar og djupvassledning vil også verta privat eigd. Dette vert å byggje ut etter behov og/eller i samband med eventuelt lager/klubbhus.

Lager/klubbhus

Det er sett av tomt til lager/klubbhus. Det er båtlaget som sjølv må stå for eventuell oppføring av dette.

Molo/småbåthamn

Ei eventuell utbygging av molo og småbåthamn er tenkt utført i regi av Båtlaget. Innskot og leigeinntekter skal tilfalle grunneigar og Båtlaget.

Båtlaget

Båtlaget skal ha ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av alle fellesanlegg som for eksempel adkomstveg, parkeringsplassar, slipp, opplagsplass, lager/klubbhus, friluftsområde, vatn- og kloakkanlegg, sjøanlegg og elles sjå til at området til ei kvar tid er ryddig. Grunneigar skal vera med i båtlaget på same vilkår som andre.

Båtlaget skal ha eit styre på 3 medlemmar og 2 varamedlemmar som alle skal velgjast av det årlege sameigarmøte. Lov om sameige skal gjerast gjeldande.

Det skal utarbeidast vedtekter for Båtlaget.

Heftingar som skal fylgja eigedomen

Alle har pliktig medlemskap i Båtlaget.

Tomteprisar

Kvar nausttomt vert skild ut med eige gards- og bruksnummer eller seksjonsnummer.

Prisen for ei nausttomt er sett til kr. 275.000,-. For dei som kjøper bustadtomt i Lomelde bustadfelt, vert prisen rabbatert.

Prisen inkluderar forutan sjølve nausttomten, andel i hovudtomten 82/15, medeigarskap i vatn- og kloakkanlegget, framføring av elektrisitet, planering av området for nausttomtene klargjort for bygging av naust, adkomstveg, parkeringsplassar, opplagsplass og båtslipp.

Betalingsvilkår

Heile kjøpesummen skal betalast ved tinglysing av skjøte. Oppgjeret skal skje via advokat og bank.

Omkostningar

I tillegg til kjøpesummen skal kjøpar betala oppmålingsgebyr for tomt, dokumentavgift til Staten, tinglysingsgebyr for skjøte og eventuell tinglysingsgebyr for pantobligasjon.

Framdrift

Arbeidet med anlegget vert starta opp når tilstrekkeleg mange tomter er selde for å dekkja investeringane.